

# Plan for trafikksikkerheit ved Sviland skule

Revidert 08.06.2018



**SVILAND** trygg, raus og kreativ  
Saman om læring og glede!

## KORT OM SVILAND SKULE

Sviland skule er ein 1-7 skule med ein klasse på kvart trinn (utanom på 1. trinn som har ei bokmål- og ei nynorskgruppe).

Skulen har 109 elevar og 23 tilsette- derav 13 lærarar.

Skulen ligger eit stykke utanfor Sandnes sentrum, og opplev ikkje for mykje trafikk, men ofte er det tungtransport og jordbruksmaskinar.

Her er det nærleik til natur, jordbruk og fine turområder, og difor gode mogelegheiter for turar til fots og på sykkel.

Mange av elevane går, sykklar eller sparkar til skulen, men vi har ein del som blir køyrd eller tar skulebuss og taxi grunna lang skuleveg.

Dei fleste delar av området rundt har kommunen sikra skulevegen med gang- og sykkelsti, eller fortau og tilstrekkelig med fotgjengarfelt.

Vi opplev likevel ei auking i trafikken rundt anløp og skulen og FAU har starta på eit arbeid for å sikra området for levering og henting.

FAU skal vere ein viktig deltakar for skulen i gjennomføringa av planen, og planen skal bli gjennomgått årleg med dei.

### **Kriteriar for ein trafikksikker skule:**

- ../ Skulen har ein plan for å ivareta elevanes sikkerheit til og frå skulen, anten dei går, sykklar eller blir køyrd.
- ../ Skulen har utarbeida rutinar for å ivareta sikkerheiten på turar til fots, sykkel, i bil/buss eller med kollektivtransport i skulens regi.
- ../ Skulen har gode rutiner for at planane blir følgt av dei tilsette.
- ../ Skulen har integrert trafikkopplæringa i lokal læreplan i tråd med Kunnskapsløftets kompetansemål.
- ../ Skulen legger til rette for at det blir gjennomført god trafikkopplæring – blant anna ved innkjøp av materiell eller kursing av lærarar.
- ../ Skulens trafikkplan er eit årleg tema på foreldremøte og i FAU.
- ../ Førsette blir involvert i skulens trafikksikkerhetsarbeid - gjennom Foreldrenes arbeidsutvalg FAU.

## **RETNINGSLINJER FOR TURAR:**

Generelt gjeld følgjande:

**Refleksvest:** Alle elevar får refleksvest i 1. klasse, som er tenkt nytta til og frå skulen, og på skuleturar.

Nye elevar som startar seinare i året, får tildelt vest av kontaktlærar.

Hjelm: Alle elevar og vaksne skal nytte hjelm på sykkelturar i regi av skulen.

### **Turar til fots:**

Det er alltid med minst 2 ansvarlige vaksne med klasse på tur. Disse har på gule vestar og er godt synlege for alle.

Det skal være ein vaksen fremst og ein vaksen bak elevane. På turar skal det alltid vere med minst ein mobiltelefon, klasseliste og førstehjelpsutstyr.

I 1. og 2. klasse bruker alle elevar refleksvest på tur. Skulen har ekstra vestar for utlån.

I trafikken går elevane på rekke med ein vaksen foran og ein vaksen bak.

Elevane skal gå på venstre side av vegen og på fortau der dette er tilgjengelig.

Ved kryssing av veg skal det alltid brukast fotgjengarfelt der dette er tilgjengelig.

Elevar teljast før dei går og alltid før retur til skulen.

### **Turar på sykkel:**

Det er alltid minst 2 ansvarlige vaksne med klasse på tur, hvor ein sykler fremst og ein sykler bak. Her er det viktig at begge har mobiltelefon og kan varsle viss det skulle oppstå ein situasjon.

Det skal medbringast klasseliste og førstehjelpsutstyr. Det kan være lurt å ha med sykkelpumpe, smøreolje og sykkelverktøy.

Alle skal ha sykkelhjelm og sykklar skal kontrollerast slik at dei er i forskriftsmessig stand. (Skulen har ekstra hjelmar for utlån).

Elevane skal sykle på ein «tråd» (på rekke og rad). Ein ansvarleg vaksen sykklar fremst og ein sykklar bak.

Lærarar har på refleksvest. I tillegg har minst 3 elevar vest. Disse kan ha ekstra oppgåver/ansvar, og hjelpe lærar med organisering over kryss.

Elevane skal vere kjent med sykkelruta på førehand, med dei utfordringar og omsyn som må tas. På turar i bynære strøk med mykje trafikk, skal elevane trille sykkelen over alle gangfelt.


Elevane skal oppføre seg som køyrande og kjenne til trafikkregler og

vikepliktsregelen spesielt. Elevane held avstand til sykkel foran og sykler ut i grøfta viss dei får problemar av teknisk art og ventar på siste vaksne.

Elevar som ikkje har sykkel i forskriftsmessig stand, eller vil bruke sykkelhjelm, kan ikkje delta på tur.

### **Turar ved vatn/sjø:**

Bading skal kun foregå når ein vaksen med gyldig livredningsprøve er til stade. Den vaksne med gyldig livredningsprøve skal ikkje sjølv vere i vatnet under oppsyn med elevar, og skal ikkje ha ansvar for fleire enn 15 elevar samstundes. Elevane skal ha skriftleg tillating frå heimen. Elevane skal ha lært badevettreglane.



### **Turar med buss:**

Skulen nyttar seg av ordinær rutebuss eller leige av buss. Her har lærar ansvar for å påse at alle bruker setebelte. Elevar skal gå av og på bussen i ordna flokk. Elevane tellast.

### **Bruk av privatbiler:**

Det hendar at skulen nyttar privatbiler ved turar. Når det skjer må sjåfør signere eit skjema som bekreftar at førerkort er i orden, at bil er i forskriftsmessig stand og at sjåfør ikkje er påverka av alkohol eller andre rusmidlar.

### ***Hyppige turmål:***

<b>Kor</b>	<b>Korleis</b>	<b>Vurdering av ruta</b>
Rogaland arboreét	Gå	Sikker rute fram til Svilandsholane. Lite trafikk på veggen, hald til venstre i rad. Veggen endar inn i arboreét.
Tusenårsskogen	Gå	Sikker veg til kryssing av Espelandvegen. Vaksen må sikra kryssing.
Lavvoen	Gå	Sikker veg til krysset Fv315/Løbergsjø. Vaksen må sikra kryssing.
Sygna	Gå	Lyngnesvegen uten fortau. Lite trafikk. Hald rekke på venstre med vaksne som passar på fram til Holane og trygg tursti.

*Dei ulike rutene er gjennomgått og vurdert av representantar frå elevrådet.*

### ***Ulykker på tur***

Ved alvorlege ulykkar varslast 113 og leiinga, som varslar pårørande som beskreve i Sviland skule sin Beredskapsplan.

Sikre elevanes sikkerheit. Trygge ulykkesstad.

Ved mindre alvorlege uhell/ulykkar varslast leiinga/ føresette og så vurderast vidare tiltak.

Ved legebesøk skal dei rette skjema fyllast ut og sendast til NAV.

Adm.konsulent hjelper til med dette.

Ved alle uhell skal føresette varslast.

## Kunnskapsløftet, R-2006, seier:

### 1.-4. trinn:

"Etter 4. trinn skal elevane kunne følgje trafikkreglar for fotgjengar og syklistar".

### 5.-7. trinn:

"Etter 7. trinn skal elevane kunne praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel".

## Til hjelp i trafikkopplæringsarbeidet bruker Sviland skule:

Trafikkboka frå Trygg Trafikk

Sykelhefte frå Trygg Trafikk

Egghjelm frå Trygg Trafikk

Instruksjonsfilmar frå Trygg Trafikks hjemmeside

Sykelopplæringen ved Sandnes Sykkel- og aktivitetsgård i regi Trygg Trafikk

[www.trafikkogskule.no](http://www.trafikkogskule.no)

<https://www.barnastrafikkklubb.no>

Klassetrinn	Aktivitet	Mål
1	Refleks Å vere trafikant Geometriske formar og skilt Nettressurs: trafikkogskule.no	Elevane skal lære å vere vaksame i trafikken. Krysse gate/veg og bruke refleks.
2	Refleks- refleksløype. Å vere myk trafikant. Skilt i nærområdet og trafikklys Trafikksikkerheitsutstyr- hjelm og bilbelte. Nettressurs: trafikkogskule.no	Elevane skal lære om sikkerheitsutstyr i bil og på sykkel. Elevane skal gjere seg erfaringar med kor synleg refleks er. Kunne forholde seg til lyskryss.

3	<p>Trafikkreglar for fotgjengar. Skilt: påbud-, forbud- og opplysningsskilt. Nettressurs: trafikkskule.no <a href="http://www.tryggtrafikk.no/tema/refleks/trafikkregler-for-fotgjengere/">www.tryggtrafikk.no/tema/refleks/trafikkregler-for-fotgjengere/</a></p>	<p>Kjenne til skilt og trafikkreglar. Skille mellom dei ulike skilttypane.</p>
4	<p>Sykelopplæring – teori. Skilt: påbud-, forbud- og opplysningsskilt. Nettressurs: trafikkskule.no <a href="http://www.tryggtrafikk.no/tema/syssel-og-sysselhjelme/">http://www.tryggtrafikk.no/tema/syssel-og-sysselhjelme/</a></p>	<p>Elevene skal kjenne til skilt- og trafikkregler med omsyn til sykling. Elevene skal kjenne til skulens sykkelreglar. Påbud om hjelm.</p>
5	<p>Sykling i trafikk. Lese trafikkbildet-blikk kontakt med sjåførar og andre trafikantar. Ferdighetstrening i trafikk- opplæring ved sykkelgården på Varatun i Sandnes.</p>	<p>Kjenne til reglar for sykling i trafikk og bruk av sikkerheitsutstyr. Elevene skal kunne vise omsyn til andre trafikantar.</p>
6	<p>Repetisjon av sykling i trafikk. Lese trafikkbildet-blikk kontakt med sjåførar og andre trafikantar.</p>	<p>Kjenne til reglar for sykling i trafikk og bruk av sikkerheitsutstyr. Elevene skal kunne vise omsyn til andre trafikantar.</p>
7	<p>Trafikktelling og statistikk. Repetisjon av trafikkreglar for syklistar og fotgjengare. Førstehjelpskurs- grunnleggjande førstehjelp</p>	<p>Kunne gjennomføre grunnleggjande førstehjelp. Kjenne til reglar for sykling i trafikk og bruk av sikkerheitsutstyr. Elevene skal kunne vise omsyn til andre trafikantar.</p>

## PLAN FOR FORELDREMØTER VED SKULESTART (HAUST)

1.trinn 2.trinn	Vise til skulens trafikkplan, herunder rutinar for turar. Køyring og henting av elevar til og frå skule/SFO. Bruk av refleks. Trygg skuleveg - sykkel og gangveger.
3.trinn	Vise til skulens trafikkplan, herunder rutinar for turar. Køyring og henting av elevar til og frå skule/SFO. Bruk av refleks. Trygg skuleveg - sykkel og gangveger.
4.trinn	Vise til skulens trafikkplan. Køyring og henting av elevar til og frå skule/SFO. Bruk av refleks. Trygg skuleveg - sykkel og gangveger.
5.trinn 6.trinn	Vise til skulens trafikkplan. Sykling til og frå skulen- sykkelregler og parkering. Tekniske krav til sikkerheit. Kva som skjer ved manglar eller brot på reglar.
7.trinn	Vise til skulens trafikkplan. Sykling til og frå skulen - sykkelregler og parkering. Tekniske krav til sikkerheit. Kva som skjer ved manglar eller brot på reglar. Førstehjelpskurs.